



Referat frå møte i FAU, SU, SMU

Tid: torsdag 26.10.2018

Desse møtte: Linda Torsdalen Angre, Anders Walle, Anne Marthe Lindheim, Jorunn A. Hegni, Lene Brekke, Jorunn Barstad, Beate Moen, Else Eilefstjønn, Øyfrid Garborg Sande Aufles, Solfrid Bjørge, Kjersti Bollerud, elev Ido Hiis
politikar Eilev Bjørge, leiar i elevrådet Selma Brekkan og nestleiar John Haugen Kultan.

Referent: Kjersti Bollerud

Informasjon frå elevrådet:

Elevrådet informerte om Od-dagen og arbeidet med den internasjonale veka. Pengar som blir tent på OD-dagen går til palestinsk ungdom. Prosjektgruppa har hyra Kristin Foss som kjem å har foredrag for alle elevane i aulaen måndag 29.10.18.

Elevrådet informerte også om korleis elevrådet og elevane på skulen opplever skulemiljøet. Elevrådet har vore rundt i klassane og spurt elevane om skulemiljø. Elevrådet meiner at dei fleste opplever skulemiljøet som bra, men at det kom fram at det av og til blir slengt kommentarar som kan vere sårande og krenkjande. Elevrådet meiner at noko av grunnen kan vere at nokon elevar kan oppleve å bli urettferdig behandla. Elevrådet meiner det er viktig at lærarane snakkar med alle elevar som er involvera i noko, og høyre alle sin versjon.

Informasjon om skulemiljø frå skulen:

Skulen vil sette inn tiltak for å få bort uønskt språkbruk, men også jobbe førebyggjande for eit inkluderande skulemiljø. Alle klasser skal jobbe med sosial kompetanse. Kontaktlærer skal gje informasjon til heimane om status på kva klasse jobbar med. På foreldresamtalene i haust vil klasse- og skulemiljø vere eit tema.

Eit innspel til skulemiljø er politiet si rolle. Politiet har tilsett ein ny person i ei førebyggjande rolle. Det vil bli besøk av denne personen på 8.trinn slik det har vore tidlegare år. Dette er bestemt av fylkesmannen. Tema for besøket er handlingar og konsekvensar. Heimar på 8.trinn vil få beskjed av kontaktlærer når tida for besøk er klart.

Innspel FAU-representant:

Det er viktig at skulen informerer om skulemiljø. Kva som skjer og tiltak. Det skal skulen gjere. Det er difor leiinga kjem til å sende ut eit informasjonsskriv kvar månad i ei tid framover. Kontaktlærarane skal også sende ut informasjon jamleg om ting som skjer i klassa/trinnet og korleis det blir jobba med klassemiljø.



Seljord ungdomsskule

14.11.18

Skuleball:

Det er eit ønskje frå FAU-gruppa å byrje å snakke om skuleball med elevane. Det er mange uskrivne reglar rundt skuleballet. Skulen kjem til å sende ut eit informasjonsbrev no snart for å informere om skuleballet.

Budsjett:

Det er varsla at det skal kuttast i kommunen. Skule kjem også til å måtte spare inn. Nokon har lest artikkelen i VTB som refererer til rådmannens mail til alle tilsette i Seljord kommune. FAU vil engasjere seg i saka vidare.

Val av leiar og nestleiar i FAU:

Leiar: Jorunn A. Hegni

Nestleiar: Lene Brekke

Neste SMU-møte blir måndag 20.november 2018.

Referatet er lest og godkjent av FAU-leiar Jorunn A. Hegni

Med helsing

Kjersti Bollerud
Skrivar